

Rocketrollet som vart til Skorpetrollet

24.05.2012



Anasophia Godinez og Siri Aasgard fra Villvettene syner heftet om Skorpetrollet

**Spring og kjøp boka om Skorpetrollet.
uskedalen.no fekk vera med på boklanseringa
Mykje folk var samla og alle var gode nøgde med resultatet**

Bringedalsbygda barnehage med sine tre avdelingar har skrive soga om eit rocketroll som vart til Skorpetrollet og som vi dag finn i ei bergsprekk på Skorpo.

Trollet Isidisi kjem frå Island, reiser ut i verda og endar på øya Skorpo saman med bestevenen Eddy. Dei spelar i rockeband og fiskar.

Men ein dag stikk Skorpetrollet hovudet ut av fjellsprekka for å sjå etter ein kjærast. Då vert det råka midt i panna av den første solstråla og trollet vert til ein Stein. No sit Skorpetrollet fast i fjellsprekka og speidar etter kjærasten sin.

Inspirert av Reggio Emilia har barnehagen jobba med barns språkutvikling. Personalet lyttar til kva borna er opptekne av og korleis dei uttrykkjer seg.

Fagområde språk, tekst og kommunikasjon er bakgrunnen for arbeidet med soga om Skorpetrollet. Dette kjem til uttrykk i rim, reglar, dikt og andre gullkorn.

Nynorskcenteret i Volda har løyvd kr. 15.000,- til kurs og støtte. Husnes mållag har kome med bokgåver.

Bringedalsbygda barnehage skal ha ros for å bruka eit naturfenomen som det mystiske Skorpetrollet er og på den måten utvikla lokal identitet.



[Alle har laga sitt Skorpetroll](#)

Vi berre spør: Kva vert det neste prosjektet ?

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Avdelingane Blåklokkane, Solsikkene og Villvettene samla